

## Jerusalembøn

Verda si Kyrkjeveke for fred i Palestina og Israel

21.-28. september 2014

*Kom i hug dei som sit i fengsel, som om de sat i lenkjer saman med dei. Og tenk på dei som blir mishandla, som om det gjaldt dykkar eigen kropp. (Hebr.13,3).*

Med desse orda ber vi saman med alle som sit i fengsel i heile verda, og som vi så lett gløymer. Vi ber spesielt for dei politiske fangane i Palestina og Israel. Vi ber for dei sjuke blant dei, for dei som ikkje klarer påkjenningane i ei fengselscelle, og for barn og kvinner som blir mishandla bak gittera. Vi tenkjer også på dei som sit attende; familieane som er frårøva deira kjære som er fengsla. Vi ber om indre forvandling hjå dei som har gjort kriminelle handlingar. Og vi ber for hjarte og sinn som blir plaga av hat og frykt, at dei snart kan finne fred og forsoning i sin sjel og sine samfunn.

Dette området av verda ber djupe smerter i kropp og sjel - både historisk og i vår eiga tid. I Palestina og Israel er det mange som i dag manglar fridom, og for mange er sette bak lås og slå. I for lang tid har urett, vald og frykt forma denne regionen. Vi ber om medmenneskeleg handsamling og rettferd for alle, for vi er alle Guds barn.

Vi ber til sist om at rettferdig fred og forsoning må kome, der det ikkje lenger vil vere fleire fengsla politiske flyktningar, men der harmoni vil rå i hjarta til alle folkeslaga i området. Vi ber om Guds nåde, om fridom for alle som sit i lekkjer, og om fred i vår tid.

Når vi markerer denne veka saman med våre systrer og brør i kyrkjer rundt om i heile verda, ber vi med salmisten sine ord:

*Tilrekna oss ikkje gamle synder!  
Skund deg, lat di medkjensle møta oss!  
For vi er langt nede.  
Hjelp oss, Gud, vår frelsar, så namnet ditt blir æra!  
Fri oss ut og tilgjev våre synder for ditt namn skuld.  
Kvifor skal folka seia: «Kvar er deira Gud?»  
Lat våre auge sjå og folka kjenna  
at du hemnar blodet frå dine tenarar.  
Lat sukket frå fangane nå deg;  
din arm er sterk, spar dei som skulle døy!*

*(Sal 79,8-11)*

Leiarar for palestinske kristne kyrkjer i Jerusalem deler denne bøna for Verda si Kyrkjeveke for fred i Palestina og Israel 2014 med sine systrer og brør.